

---

**Fra:** Øyvind Helland Oddekalv  
**Sendt:** torsdag 26. november 2015 15.26  
**Til:** Randi Helene Hilland  
**Emne:** interpellasjon

## **Sak 126/2015 Digital feilmelding**

Representanten Stian Lavik frå KrF tar i denne interpellasjonen opp behovet for eit enklare system for å melde inn større og mindre feil innan teknisk sektor. Det fins digitale system som, i følgje interpellantan, lett kan implementerast i Meland kommune.

Ordføraren er heilt samd i at dette vil vere eit godt tilbod for innbyggjarane og som vil medføre ei monaleg forenkling av korleis ein skal melde inn slike tekniske feilmeldingar. Eg er positiv til at kommunen ser på innføringa av ei slik digital feilmelding.

Når det gjeld sjølve vedtaket vil ordføraren be om at vi i alle fall gjer noko om på 3. avsnittet. Det beste må vere at rådmannen kjem tilbake med ei sak der både totale kostnader blir gjort greie for og, ikkje minst, kor dette skal utgiftsførast.

Derfor blir mitt primære forslag til alternativt vedtak at saka blir oversend rådmannen, rådmannen må komme tilbake med ei sak om innføring av digital feilmelding i Meland kommune til første kommunestyremøte i 2016. Saka må innhalde ein tidsplan for innføring og med oversikt over totale kostnader og kor dette skal utgiftsførast.

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv  
ordførar



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

[oyvind.oddekalv@meland.kommune.no](mailto:oyvind.oddekalv@meland.kommune.no) | [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)